

HEGGERUSTEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

I Norske Gardsbruk 1997 er det oppgjeve at Heggerusten i Nordheradsalmenninga har vore i slekta sidan 1844, og desse var truleg dei fyrste som var i Heggerusten. Dette var Syver Christensen Sandbakken f. 1816, d. før 1875, og kjerringa Ingrid Olsdotter Aabakken 1804-1878. Dei hadde barna

Christen Syversen f. 1839, i 1865 budde han heime og var nemnd som vegarbeidar, han reiste seinare til Amerika

Toline Syverdatter 1843-1934

I 1875 budde det ikkje folk i Heggerusten, Ingrid og Toline budde da som inderstar i øvre Kleiven.

Gudbrandsdalskommisjonen nemner at Heggerusten var hevda eigedomsbruk og tilhørde i 1878 Ingrid Olsdotter. Ho døydde det året og det vart dottera Toline som vart verande i Heggerusten. Toline var ugift, men hadde utanfor ekteskap to søner med Pål Kolgroven (Ulsbustugu) f. 1854, Pål reiste til Amerika og vart der prest eller lesar.

Kristen 1878-1956

Iver 1881-1968, gift med Mari Pedersdotter Ulsanden 1872-1960, dei budde fyrst i Kvitulen og seinare i Voldheim

I 1900 er Heggerusten nemnd som almenningsplass. Kristen budde der saman med mora og ifølgje folketellinga var han sysselsett med

jordbruket. Jordbruket var 2,5 mål jord og 6 geit, men i tillegg var det tjrubrenning og fabrikasjon av river.

Kristen vart gift med Ymbjør Olsdotter Garmosøygarden 1872-1952.

Dei hadde sonen

Kristian 1911-2000

Ymbjør hadde før ekteskapet sønene

Ragnvald Knutsen 1901-1985, budde på Otta, faren var Knut Vesløygard

Anton Iversen f. 1908, budde i Skedsmo, faren var Ivar Kongelhaugen

Kristian overtok bruket etter faren i 1956, han var ugift og budde i Heggerusten til ca. 1985. Fyrst det året fekk Kristian skjøte frå Statskog med eige gards- og bruksnummer 188 – 2. Etter dette var eigar Rikard Tøfte, sonen til syskjenbarnet Rønnaug Garmosøygard., men det budde ikkje nokon der.

Frå 2001 har Karl Viggo og Sisko Waldersløv kjøpt og busett seg i Heggerusten.

I 1865 er det ikkje nemnd korkje dyr eller jordbruk i Heggerusten, og i 1875 budde det som nemnd ikkje folk der.

Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom s. 16

J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 43

M.Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1961: Lykkelegaste mannen ., s. 110

Norske Gardsbruk 1997

Folketelling 1865, 1900

Gudbrandsdalskommisjonens indberetning 1882

Anna Randen: munnleg fortalt